



Arkivnr: 2018/17462-14

Saksbehandlar: Eirik Knive, Britt Karen Spjeld

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 24.04.2019 |

Friluftslivets ferdsselsårer 2019

Samandrag

I regjeringa sin handlingsplan for friluftsliv (2018) vert det lagt til rette for eit nasjonalt prosjekt i perioden 2019-2023 for å identifisere, ivareta, utvikle og tilrettelegging av friluftslivets ferdsselsårer gjennom ein eigen plan i kvar kommune. Målet for prosjektet er fleire ut på tur, at befolkninga utøvar friluftsliv jamlegare, auke tilgjengelegheta for å utøve friluftsliv og få flest mogleg kommunar til å utarbeide planar for friluftslivets ferdsselsårer for å systematisere dette arbeidet.

Friluftslivets ferdsselsårer er ei naturleg vidareføring av det gode arbeidet kommunane har gjort med kartlegging og verdisetting av friluftsområde (som vert fullført i alle kommunane i Hordaland i 2019) og det nasjonale turskiltprosjektet (2014-2018) knytt til merking og gradering av turløyper.

Det er no utvikla ein eigen rettleiar frå Miljødirektoratet for å få legge til rette for ein god systematisk og metodisk tilnærming til dette arbeidet [Plan for friluftslivets ferdsselsårer \(M-1292\)](#). Rettleiaren presenterer ein metode for korleis friluftslivets ferdsselsårer kan identifiserast, takast vare på og vidareutviklast på ein systematisk måte. Prosjektet skal auke kunnskapsgrunnlaget om ferdsselsårene kommunar har, kva behov dei dekker og korleis dei kan utviklast for å skape meir aktivitet i eit heilskapleg prosjekt i kvar kommune.

Detaljert skildring av prosjektet er skildra i rettleiaren (M-1292). Arbeidsprosessen har 4 steg:

Steg 1: Oppstart - forankring/vedtak, utarbeide prosjektplan og etablere prosjektgruppe og annonsering

Steg 2: Kartlegge nå-status - ferdsselsårer, turruter og målpunkt, supplere kartlegging ved involvering av eksterne, registrere traséar og målpunkt relevant for arbeidet og innhente anna relevant informasjon.

Steg 3: Kvalitetssikre mål, foreslå tiltak, prioritere

Steg 4: Samanstille planen, høyring og vedtak.

Hordaland fylkeskommune si rolle i prosjektet er prosjektleiing og koordinering regionalt, rekruttere og motivere kommunar til igangsetting, følgje opp enkeltkommunar med rettleiing, leie arbeidet med regionale sti- og løypeplanar, legge til rette for erfaringsutveksling, og opprette ei regional rådgjevande gruppe for å sikre tverrfagleg arbeid i prosjektet (m.a. dei regionale friluftsorganisasjonane vert involvert i arbeidet).

Miljødirektoratet har for 2019 sett av kr 4 mill. til steg 1 og 2 i arbeidet med friluftslivets ferdsselsårer.

Fylkeskommunane kunne søke tilskotsmidlar på vegne av seg sjølv og deltagande kommunar med frist 1. april. Ordninga krev minimum 50% eigenfinansiering. Hordaland fylkeskommune sökte om 535 000 kr frå ordninga (til prosjektleiar, fagsamling og arbeid i 9 kommunar), og vil få svar på søknaden frå Miljødirektoratet innan 20. april 2019.

Ved utlysing av den fylkeskommunale tilskotsordninga friluftslivets ferdsselsårer vart 15. februar sett som søknadsfrist for å kunne samordne denne tilskotsordninga med andre statlege og fylkeskommunale ordningar som fylkeskommunen forvaltar. Miljødirektoratet vart forsinka i arbeidet med rettleiaren for friluftslivets ferdsselsårer og den først vart presentert under sti-konferansen 12.-13. mars 2019 i Bergen. Det gjorde det utfordrande å setje konkrete retningslinjer for utlysninga i desember 2018 og kommunisere konkret ut til kommunane i Hordaland kva arbeidet innebar. Det er hovudårsaken til at det er få søknadar i denne runden.

Av utlysningsteksten går det fram at ein få støtte til prosjekt som gjer dei aktive vala for barn og ungdom i lokalmiljøa gjennom fremje planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av turstiar i kommunane. Tiltak der målgruppa har medverka blir prioritert. Vi oppmodar kommunar og organisasjonar til å samarbeide. Det blir ikkje løyvd tilskot til anlegg som kan søke spelemidlar eller til drift av anlegg. Prioriterte prosjekt er:

- Registrering av data inn i nasjonal database for tur- og friluftsruter (rettikartet.no)
- Utarbeiding av ein heilskapleg communal plan for friluftslivets ferdsselsårer, i samsvar med rettleiar frå Miljødirektoratet.
- Dokumentasjon av ferdsel på turveg, sti- og løypeetrasear (turteljarar)
- Merking og gradering av eksisterande ferdsselsårer (turvegar, turstiar og turløyper) og/eller turkort

Det kom inn 9 søknadar der 6 fyller vilkåra for tilskot.

Fylkesrådmannen foreslår at det vert sett av kr 1.031.000 til ei ny utlysning retta mot kommunane med søknadsfrist 1. oktober 2019, med handsaming i utval for kultur, idrett og regional utvikling 12. november. Før den tid vil fylkeskommunen motivere og rekruttere kommunar til å delta i prosjektet, følge opp enkeltkommunar med rettleiing og koordinering, etablere ei rådgivande gruppe for å sikre godt tverrfagleg arbeid og presentert friluftslivets ferdsselsårer på dialogkonferanse idrett og friluftsliv 17.-18. september. Kvinnherad kommune har søkt om midlar til å starte det heilskaplege arbeidet med friluftslivets ferdsselsårer, og vil såleis kunne dele erfaringar undervegs med andre kommunar.

Økonomi: Fylkestinget løvde kr 1.305.000 til friluftslivets ferdsselsårer i desember 2018. I tillegg er det kr 694.000 i inndregne midlar frå Turskiltprosjektet (Gjensidigestiftinga midlar og fylkeskommunale midlar). Såleis er det totalt kr 1.999.000 for ordninga.

Klima: Prosjektet vil føre til eit planstyrt arbeid med tilrettelegging av friluftslivets ferdsselsårer slik at dei rette tiltaka vert gjort på dei rette stadane til rett tid.

Folkehelse: Tiltaket er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar.

Regional planstrategi: Tiltaka er med på gjennomføring av punkt 2.2 i regional planstrategi: eit inkluderande samfunn. Aktivitetar i nærmiljøet bidreg til å styrke sosiale relasjoner gjennom verdifulle og helsefremjande opplevingar.

| Generelt | |
|---|--|
| Budsjett 2019 | 1 999 000 |
| Søknadsfrist 2019 | 15. februar |
| Vedtak kriteria og informasjon om ordninga: | Friluftslivets ferdsselsårer |
| Tal på søknadar | 9 |
| Tal på søknadar som er tilrådd støtta | 6 |
| Samla søknadssum | 744 000 |
| Tilrådd til fordeling | 433 000 |
| Eigenfinansiering søknad om statlege midlar til prosjekt friluftslivets ferdsselsårer | 535 000 |
| Ny utlysning retta mot kommunane med søknadsfrist 1. oktober 2019 | 1 031 000 |

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling vedtek tildeling til friluftslivets ferdsselsårer for 2019 kr 1.999.000 over budsjettpost 400.450.27 slik:

1. Det vert løyvd kr 535 000 til eigenfinansiering til søknad om statlege midlar frå Miljødirektoratet til prosjekt friluftslivets ferdsselsårer for 2019.
2. Det vert sett av kr 1.031.000 til ei ny utlysning retta mot kommunane med søknadsfrist 1. oktober 2019, med handsaming i utval for kultur, idrett og regional utvikling 12. november.
3. Fordeling til innkomne søknadar som vist i tabell under:

| Nr | Søkar | Kommune | Kostnad | Tilråding |
|----|--------------------------------|---------------|------------------|----------------|
| 1 | Bergen og Omland friluftsråd | Bergen, Fjell | 80 000 | 40 000 |
| 2 | Bergen og Omland friluftsråd | Bergen | 94 200 | 47 000 |
| 3 | Dale barne-og ungdomsskule | Vaksdal | 60 000 | 30 000 |
| 4 | Fana Bygdens Venner | Bergen | 30 000 | 0 |
| 5 | Fyllingen BBK | Bergen | 52 000 | 0 |
| 6 | Kvinnherad kommune | Kvinnherad | 500 000 | 250 000 |
| 7 | Odda/ Ullensvang Turlag | Odda | 1 100 000 | 0 |
| 8 | Reddningshytten på Gullfjellet | Bergen | 12 767 | 6 000 |
| 9 | Stamnes idrettslag | Vaksdal | 126 000 | 60 000 |
| | Totalt | | 2 054 967 | 433 000 |

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.04.2019

Tabell med skildring av søknadar med vurdering er vedlagt.